

Praksis i lærarutdanningane:

Ny samarbeidsavtale og ny ordning for refusjon av kostnader

Gjennom godt og gjensidig samarbeid mellom XXXX Kommune, den enkelte skule og barnehage og Høgskulen på Vestlandet (HVL) skal vi i fellesskap utdanne gode lærarar og bidra til rekruttering av kvalifiserte profesjonsutøvarar i kommunen. Å sikre gode praksisplassar til studentane som skal bli framtidens lærarar, er ei viktig oppgåve både for HVL og for XXXX kommune.

Ny samarbeidsavtale mellom HVL og XXXX Kommune

HVL og XXXX kommune har no blitt samde om ny samarbeidsavtale på eigarnivå. Overordna formål med avtalen er å sikre tilstrekkeleg og føreseieleg kapasitet på praksisplassar og god kvalitet i praksisopplæringa. Det er vidare eit mål at samarbeidsavtalen skal bidra til meir samarbeid og tydeligare ansvarsfordeling mellom involverte partar. Sjå vedlegg «Samarbeidsavtale praksis XXXX Kommune - HVL.»

Ny ordning og nye satsar for refusjon av kostnader ved praksisopplæringa

Gjennom avtalen har det kome på plass ny og enklare ordning for praksisrefusjon, som betyr at skular og barnehagar framover vil få refundert ein fast sats per student per dag i praksis. Samarbeidsavtalen og nye satsar for praksisrefusjon gjeld frå studieåret XXXX-XXXX. Sjå vedlegg/lenke «Mal refusjon praksiskostnader grunnskule og barnehage – ny sats». Eigar og rektor/styrrar samarbeider med aktuelle organisasjonar og tilsette som er involvert i praksisopplæringa om disponering og fordeling av tildelte midlar.

Avtale med den enkelte skule og barnehage

Samarbeidsavtalen vil også framover vere supplert med eigne praksisavtalar med den enkelte skule og barnehage. I tillegg utarbeider HVL årlege vedlegg til praksisavtalen som konkretiserer tal studentar praksisstaden skal ta imot.

Frå hausten 2023 vil praksisavtalane justerast og tilpassast den overordna eigaravtalen.

Vi håpar og trur at ny avtale og ny ordning for praksisrefusjon vil bidra til forenkling og forbetring for alle partar.

Takk for at din skule eller din barnehage er med på å utdanne framtidens lærarar!

XXXX Kommune

HVL

Xxxx, tittel barnehage

Asle Holthe, dekan Fakultet for
lærarutdanning, kultur og
idrett

xxxx, tittel skule